

INNKALLING TIL ÅRSMØTE 2026

NATURVERNFORBUNDET I INDRE SOGN

I tråd med vedtektene til Naturvernforbundet kallar vi med dette inn til årsmøte.

Tid: Onsdag 11. mars 2026, klokka 17:45-21:00

Stad: Det gule huset (i kjelleren), Parkvegen 6, 6856 Sogndal

Årsmøtet er det viktigaste møtet i lokallaget i løpet av året. Møtet er ope for alle medlemmer, og alle medlemmer kan stemme. Dersom du har spørsmål om årsmøtet eller lokallaget, kan du kontakte Bror K. R. Tandberg (brorkr.tandberg@gmail.com).

I forkant av årsmøtet inviterer vi **forpremiere av dokumentarfilmen ILD, VANN, JORD, LUFT**, som handler om lokalsamfunn i Norden i møte med de økende klimaendringene. Filmvisningen starter kl.18.00

Det vert servert kaffi og nokon forfriskingar til møtet. Vi vil gjerne servere noko som alle kan ete, så meld frå om du har allergiar, eller anna ynskjer vi skal ta omsyn til.

Sakliste

På årsmøtet skal vi handsame følgjande saker:

1. Val av møteleiar, referent og protokollunderskrivarar
Årsmøtet vel ein/fleire møteleiar(ar) for å leie årsmøtet gjennom møtet. I tillegg skal det veljast ein/fleire referent(ar) til å skrive protokoll. Desse er gjerne avklart på førehand. I tillegg skal det veljast to til å signere protokollen og godkjenne at denne er rett.
2. Godkjenning av innkalling og dagsorden
Årsmøtet godkjenner innkallinga, altså at årsmøtet er lovleg innkalla. I tillegg skal det godkjenne saklista for årsmøtet, altså kva saker som skal handsamast på møtet.
3. Årsmelding frå styret 2025
Skildring av året som er gått, med aktivitetar og resultat. Årsmøtet godkjenner årsmeldinga som ein rapport for fjoråret. Dersom årsmøtet ønskjer å leggje til noko, blir dette vedteke punktvis i protokollen.
4. Rekneskap 2025
Kor mykje pengar har laget fått inn og brukt i året som er gått.
5. Innmelde saker
Medlemmer kan melde inn saker og forslag til årsmøtet innan ein frist som er fastsett i

innkallinga.

6. Aktivitetsplan 2026

Årsmøtet vedtek kva saker som skal prioriterast i det komande året, og som styret må følge opp.

7. Budsjett 2026

Oversikt over inntekter og utgifter ein reknar med vil kome i inneverande år. Dette skal henge saman med prioriteringane som er vedtekne i aktivitetsplanen.

8. Val

Valnemnda har føreslått leiar for lokallaget, øvrige styremedlemmer og eventuelle varaer. Årsmøtet gjennomfører valet.

Vidare skal det veljast ny valnemnd og revisor basert på forslag frå styret.

Lokallaget vel også utsendingar til årsmøtet i fylkeslaget og til landsmøtet i Naturvernforbundet.

Fristar

Frist for å melde inn saker til behandling på årsmøtet er 25. Februar 2026. Forslag skal sendast på e-post til Indre-Sogn@naturvernforbundet.no

Vi gler oss til å sjå deg på årsmøtet!

Miljøvenleg helsing

Iselin Helløy

leiar, Naturvernforbundet i Indre Sogn